

Kulturdepartementet  
Postboks 8030 Dep  
0030 Oslo

[postmottak@kud.dep.no](mailto:postmottak@kud.dep.no)

Høyringsuttale frå Landslaget for lokalaviser, LLA til  
***Utkast til forskrift om produksjonstilskudd til nyhets- og aktualitetsmedier***

Landslaget for lokalaviser (LLA) har gått grundig gjennom det tilsendte utkastet, og organisasjonen kan i det alt vesentlege slutte seg til prinsippa som framlegget til reglar er bygd på. Vi ønskjer likevel å minne om nokre generelle tilhøve som etter vårt syn har kome noko i bakgrunnen. Vidare ønskjer vi å kommentere nokre av paragrafane i utkastet heilt konkret.

LLA sluttar seg til forslaget om at produksjonstilskotet skal gjerast plattformnøytralt, og at reglane slik ikkje skal vera til hinder for innovasjon. LLA ser det som positivt at betaling for innhald skal liggje botn for produksjonstilskotet. Men LLA meiner det er feil å favorisera digitale plattformer ved å gjere 10 prosent av støtta relatert til digital lesing. LLA meiner at all støtte må vera basert på betaling for innhald. På denne måte vil støtta vere plattformnøytral og ikkje gå frå å favorisere papiravis til å favorisere digitale plattformer, som ligg i forslaget.

LLA meiner at det verken er nødvendig eller ønskjeleg å skunde på ei utvikling som i hovudsak går frå papir til digital presentasjon. Vi veit framleis lite om i kor stor grad digitale medium kvalitativt kan erstatte og overta dei oppgåvene papiravisene har hatt til no. Ei lesargransking gjort av TNS Gallup overfor eit utval større dagsaviser viser til dømes at ein lesar observerer heile 45 sider i ei papiravis, åtte sider i ei internettavis og berre tre sider ved lesing av avis på mobil. Denne problemstillinga vart ikkje drøfta i Mediemeldinga, og er heller ikkje drøfta i kommentarane til utkastet til nye reglar. Etter vårt syn er det framleis papiravisene som utfører dei viktigaste samfunnsmessige oppgåvene media skal fylle. Det er all grunn til å stilla spørsmål ved om digitale media har, og på lang tid vil få same rolle som papiravisa sett i forhold til samfunnsoppdraget.

Vi kan heller ikkje sjå at reglane for produksjonstilskot, har vore til hinder for ei digital utvikling i særleg grad. Ofte har nettopp papiraviser som har teke imot produksjonsstøtte vore fremst i utviklinga. Går ei utvikling for fort, blir det lett vanskar med å tilpasse lover og reglar. Dette gjeld ikkje berre reglane for produksjonstilskott for aviser, men også sett i høve

til for eksempel reglar for personvern og opphavsrettar. Tittelen på mediemeldinga ”Lett å komme til ordre, vanskelig å bli hørt” peikar nettopp på ei slik ny problemstilling utviklinga har ført med seg, utan at dette i nemnande grad blir problematisert.

Det er viktig at ikkje nye reglar svekker det som er bygd opp av redaksjonelle fagmiljø, men tvert imot stimulerer til innhaldsproduksjon av høg kvalitet.

LLA vil også minne om at det, i alle fall førebels er mange menneske i samfunnet som av ulike årsaker ikkje har tilgang til informasjon digitalt, og at det er tendensar til at desse blir gløymde bort. Også dette faktum må vere med i vurderinga når reglane skal opne for at papir kan erstattast med digitale utgåver.

LLA har ingen såkalla riksspreidde meiningsberande aviser som medlemmer, og forstår vanskane og det prinsipielt uheldige ved at denne gruppa ikkje er nærare definert. Men organisasjonen meiner det er like uheldig å definere desse viktige avisene som ordinære nummertø-aviser med Oslo-sats. Det bør vere råd å lage reglar som meir eksakt definerer denne viktige gruppa, og som i prinsippet også opnar for at andre aviser å kome inn. Det er ikkje berre meiningsane som gjer desse avisene spesielle, men også at dei representerer alternativ journalistisk prioritering ut frå sin historiske tradisjon.

Vi forstår at det er innbaking av verdien av kompensasjon for bortfall av statlege stillingsannonser som ligg til grunn for forslaget om ein ekstra Oslo-sats.

Men dette må vera muleg å løysa utan ein ekstraordinær Oslo-sats som blir forklart med kostnadsnivå, noko som ikkje er faktisk haldbart.

Ein generell Oslo-sats vil og verka urimeleg ved nyetableringar ved at det blir ein stor fordel å ha postadresse Oslo.

Vi vil og peika på at to lokalaviser i Bergensområdet misser kompensasjonen utan at det er funne løysingar for desse. Vi vil understreke at desse avisene er like viktig som nokon andre og går ut frå at desse vil få ei tilfredsstillande løysing.

Dette kan løysast gjennom forslaget om at Medietilsynet bør ha rett til å fråvike reglane ved spesielle høve for å unngå at det blir for mange spesielle særreglar. LLA meiner dette er fornuftig då det er vanskeleg å fanga opp alt i generelle reglar.

### Brukarbetaling på nett

I kommentarane til Mediemeldinga gjekk LLA på prinsipielt inn for ei separat prøveordning med støtte til digitale media til alle hadde fått meir erfaringar med brukarbetaling. Organisasjonen følgjer sjølvsagt alt som skjer på dette området nøye, og er kome fram til at det er rett og muleg å bake all produksjonsstøtte inn i ei felles plattformnøytral støtteordning.

Men her er mange utfordringar, blant anna å lage avgrensingar for kva som er reell betaling slik at ikkje reint symbolske prisar skal utløyse tilskott. Det er heller ikkje lett å definere kva som er ei utgåve på nett som skal telje saman med papiroplag. Det er mykje anna som ikkje er avklart, både kjent og ukjent om digital betaling og då også i forhold til pressestøtte. Dette er naturleg og det er nødvendig å følgje utviklinga nøye og justere reglane i samsvar med utviklinga.

#### Utbetaling av aksjeutbyte

LLA ser positivt på at reglane kan gje opning for utbetaling av aksjeutbyte, og er samd i at dette må skje innan faste rammer for at ordninga ikkje skal miste legitimitet. Utan høve til å betale utbyte, kan det vere vanskeleg å hente inn ny kapital. Dersom lokale eigarar ikkje får litt utbyte, kan det også vere meir freistande å selje, noko som lett fører til svekka mangfald på eigarsida, som er eitt av måla i mediepolitikken.

Aksjelova sine reglar må leggest til grunn. Vidare må det vera eit sjølvstøtt vilkår for utbetaling av utbyte at det er overskot og at aksjekapitalen er intakt. For å unngå tilpassingar kan kravet om overskot med fordel gjelde for to samanhengande år. Det bør også vere ei ramme for kor stort utbyttet skal kunne vere i høve til overskotet.

Etter vårt syn er det uheldig og ulogisk om utbetaling av utbyte skal vere knytt til motteke produksjonstilskot det aktuelle året. Prinsippa for utbytte må vera knytt til storleikar som er relevante i høve avkastning på den innskotne kapitalen. Det må fastsettast eit rentemål som følgjer pengemarknadsrenta, sidan det er den ein investor til kvar tid vil samanlikna med. Ein kan t.d. nytte renta på Norske statsobligasjonar, NIBBOR eller andre pengemarkeds mål pluss eit påslag, t.d. to prosent. Forrentinga må kunna reknast av innskoten aksjekapitals likningsverdi ved siste årsskifte. Same reglar for utbytte bør gjelde for konsernbidrag.

#### Fullmakt til Medietilsynet/særreglar

LLA ser behovet for ei fleksibel praktisering av reglane, og er samd i at det skal vera muleg for Medietilsynet å fråvike forskriftene i spesielle tilfelle.

### **Kommentarar til dei einskilde paragrafane**

#### §1

Formuleringa ” ... gir grunnlag for støtte til små lokalmedier ...” som står i kommentaren bør også innarbeidast i teksten i paragrafen.

#### §4

Formuleringa i kommentaren ”Merk likevel at geografisk avgrensede (lokale) medier med tematisk bredt innhold vil kunne motta støtte” bør også innarbeidast i paragrafen.

LLA meiner at punkt 2 kunne gjerast enda meir konkret ved at eit medium må ta ansvar for den allmenne nyhendeformilinga på sitt område – at det ikkje er nok å plukke ut sensasjonar og kuriositetar for å få mange lesarar.

LLA meiner setningen ” Tilskudd gis heller ikke til medium som i hovedsak inneholder stoff vinklet ut fra spesiell faglig, politisk, ideologisk, religiøs eller etnisk bakgrunn.” er problematisk. Organisasjonen aksepterer at det må gjerast avgrensingar, men meiner at det nettopp er viktig at aviser har ulik ståstad. I alle fall bør ordet ”spesiell” bytast ut med ”snever”.

#### §5

LLA meiner definisjonen i det første punktet må endrast.

”Nummerén- og aleneaviser...” er for dei fleste fådagarsaviser direkte feil.

Alle lokalaviser har ei større dagsavis som meir eller mindre konkurrent i sitt dekningsområde. Dei lokale fådagarsavisene er både supplement og konkurrent til dagsavisene. Mange har lågare husstandsdekning i sitt primærområde enn dagsavisa, og spesielt med aukande kjededanning er det og hard konkurranse på annonsemarknaden.

Denne avisgruppa bør difor enkelt og greitt definerast som **lokalaviser med mellom 1000 og 6000 i opplag**. Dette er og i tråd med forslaget frå Mediestøtteutvalet.

#### §7

LLA ser behovet for ei fleksibel praktisering av reglane, og er samde i at det kan innførast eit nytt ledd i paragraf 7 med ordlyden som er brukt i høyringsnotatet: ”Der det etter en konkret vurdering er nødvendig for å opprettholde lokal mediekonkurranse, kan medietilsynet, etter å ha innhentet råd fra Støtteutvalget, fravike reglene i denne paragrafen.”

#### §10

Her bør det med at representantar for både MBL og LLA skal ha fast plass i utvalet.

### **Sluttkommentar**

Etter vårt syn har reglane for pressestøtte fungert godt for medlemsavisene våre. Mange aviser har utvikla seg positivt og ei rekkje nye aviser har kome til også i dei siste åra. Avisene har også vore raske med å eksperimentere med digital presentasjon som eit supplement til papiravisa. At denne positive utviklinga kan

halde fram, er sjølvsagt ikkje berre avhengig av korleis reglane er utforma, men også av at dei økonomiske rammene som blir lagt for produksjonsstøtta.

Oslo 25. Mai 2012

Landslaget for lokalaviser

Ståle Melhus, styreleiar

Rune Hetland, generalsekretær